



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for plan og næring
Møtestad	Alexandra Hotel, Loen
Møtedato	05.02.2014
Kl.	14:00 – 16:30

Faste medlemmer til stades:

Hilmar Høl Ap
Jorunn Eide Kirketeig Ap
Arve Helle Ap
Karen Marie Hjelmeseter Sp
Aleksander Øren Heen Sp
Bjørn Hollevik H
Klaus Iversen V
Olav Klungre Krf

Forfall til møtet:

Rita Navarsete Frp

Varamedlemmer til stades:

Britt Dalsbotten Frp

Til stades med møte- og talerett:

Jan Heggheim og Svein Arne Skuggen Hoff

Sekretariat for møtet:

Oddveig Hove

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 23.10.2013 og 20.01.2014 vart godkjend utan merknader.

Karen Marie Hjelmeseter Sp og Arve Helle Ap gjekk frå som ugilde under handsaming av sak 3/14.

Munnleg orientering:

4. februar

Temadel om regional plan for verdiskaping

Hovudutval for plan og næring vedtok følgjande tillegg:

I samband med rullering av verdiskapingsplanen vert det utarbeida ein regional industristrategi. Utarbeiding av planen kan leggas inn ei tidsramme, til dømes: "for handsaming i FT i juni 2015."

Designsatsing i Stryn - Heradsheim

5.februar

Temadel om regional plan for folkehelse

Temadel om reiseliv – med bakgrunn i reiselivsplanen

- Litt om arbeidet med iverksetjing av reiselivsplanen
- Orientering om Via Ferrata, arbeid med ny taubane og bærekraftprosjektet

Temadel om innkjøp

- Orientering om offentlege innkjøp og den felles innkjøpsordninga ved Siri Ringheim Heggenes/IKT-anbødet v/Bjørn N. Sørensen
- Tankar om offentlege innkjøp ved Arne Myrekrok

Informasjon om komande hendingar

SAK 2/14 Skriv og meldingar - hovudutval for plan og næring 5. februar 2014

- 1: Statsbudsjettet 2014 - Kap. 551, post 60 Tilskudd til Sogn og Fjordane fylkeskommune for regional utvikling - Oppdragsbrev
 - 2: Svar - Akvakultur: Høring av forslag om videreutvikling av produksjonsreguleringsystemet (MTB)
 - 3: Forvaltningsrevisjon av næringsretta tiltak - resultat
 - 4: Svar - Søknad om tilskot til lakselusovervåking i 2014
 - 5: Regional plan for verdiskaping - Drøftingsnotat
 - 6: Statsbudsjettet 2014 - Oppdragsbrev Innovasjon Norge. Kopi av brev.
 - 7: Svar - Søknad om stønad til "Torskelunsj".
- 8: Strategisk Høgskuleprosjekt 2014 – 2017

Vedtak:

Hovudutval for plan og næring ber administrasjonen gå tilbake til søkjar med spørsmål om privat medverknad

- 9: Nettverk for industrifylke
- 10: Svar på førespurnad om økonomisk stønad - Fiskerikai Herland hamn
- 11: Oversending av dokumentet Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for Vassregion Sogn og Fjordane
- 11a: Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for Vassregion Sogn og Fjordane
- 11b: VEDLEGG Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for Vassregion Sogn og Fjordane

SAK 3/14 Søknad om omdisponering av breibandmidlar - Fjaler kommune

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slik vedtak:

Fjaler kommune får avslag på søknad om omdisponering av breibandmidlar tildelt Øvre Guddal (Heggheim/Steinset).

Endringsframlegg:

Hovudutval for plan og næring sette fram slikt framlegg til vedtak:

- 1 Fjaler kommune får løyve til omdisponering av breibandmidlar tildelt Øvre Guddal (Heggheim-Steinset).
- 2 Forslaget i nr. 1 vert vedteke som en dispensasjon i det utvalet ikkje ynskjer å endre praksis i h.h.t. tidlegare tilsvarande vedtak.

Avrøysting:

Ingen røysta for framlegget frå fylkesdirektøren.

Framlegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Fjaler kommune får løyve til omdisponering av breibandmidlar tildelt Øvre Guddal (Heggheim-Steinset.
- 2 Forslaget i nr. 1 vert vedteke som en dispensasjon i det utvalet ikkje ynskjer å endre praksis i h.h.t. tidlegare tilsvarende vedtak.

SAK 4/14 Breiband - vedtak om at 2013-midlane vert nytta til eigendelar i 2014

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar tildelte breibandmidlar frå 2013 og restmidlar frå tidlegare prosjekt til regional medfinansiering av breibandprosjekt i 2014, totalt 9,78 millionar kroner

SAK 5/14 Innspel til jordbruksforhandlingane 2014

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for plan og næring til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane sluttar seg til dei vurderingar og synspunkt som ligg i fylkesrådmannen si saksutgreiing og legg opp til at denne vert sendt inn som vår fråsegn i høve jordbruksoppgjeret for 2014.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet, Høgre og Venstre sette fram slikt tillegg:

Framstegspartiet, Høgre og Venstre støttar framlegg til vedtak, men fremjar følgjande tilleggsframlegg:

Jordbruksavtalesystemet med sine pris- og marknadsreguleringar og tilknytta regelverk har over ein lenger periode gitt ei svært negativ utvikling for det norske landbruket. Landbrukspolitikken har medført ei halvering av tal produsentar på 20 år, så mange som 34 000 gardsbruk står i dag tome, og det er omfattande problem med attgroing i mange bygder. Landbrukspolitikken har medført ein dårleg inntektsutvikling for næringa, og det er få matprodusentar som i dag hentar hovuddelen av si inntekt frå garden. For forbrukarane fører dagens landbrukspolitiske rammeverk til høge matvareprisar og dårleg vareutval i forhold til våre naboland. Kostnadane ved det jordbrukspolitiske systemet med store overføringar over statsbudsjettet rammar og forbrukarane gjennom høge skattar.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner at det er viktig å styrkje bøndene sin næringsfridom, ved å mjuke opp rigide produksjons- og marknadsreguleringar som avgrensar produsentane sine moglegheiter til å utvikle produksjonen. Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner vidare at fri

etablering i alle produksjonar må gjenopprettast og ein vil berre behalde produksjonsbegrensningar som sikrar miljø og eit godt dyrevern. Færre reglar og reguleringar for landbruket vil bety større utviklings- og inntektsmoglegheiter enn dagens regulerte rammebetingelsar gjer grunnlag for.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner at det er eit betydeleg potensial for forenkling og avbyråkratisering i landbrukspolitikken. Det er urovekkjande at det i 2008 var 21 bønder for kvar landbruksbyråkrat, mens det tilsvarande talet i 1965 var 85. I dag vert over 4 milliardar brukt på landbruksbyråkratiet, og dette er etter Sogn og Fjordane Fylkeskommune sitt syn alt for mykje. Ein må leggje opp til ei kraftig forenkling og avbyråkratisering i landbruket.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner at det må etablerast likeverdige konkurransevilkår mellom TINE og andre aktørar i meierisektoren. Fylkeskommunen ber om at det vert etablert eit juridisk og eigarmessig skilje mellom marknadsregulator og TINE ved at oppgåvene som marknadsregulator vert lagt til eit eige offentleg eigd selskap eller Statens Landbruksforvaltning. Dette vil også fjerne ein del av behovet for etterkontroll, sidan TINE-konsernet sitt incentiv til kryssubsidiering ikkje lenger ville vore tilstades.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

Framlegg frå Framstegspartiet, Høgre og Venstre fekk 3 røyster, Bjørn Hollevik, Klaus Iversen og Britt Dalbotten, og fall

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane sluttar seg til dei vurderingar og synspunkt som ligg i fylkesrådmannen si saksutgreiing og legg opp til at denne vert sendt inn som vår fråsegn i høve jordbruksoppgjeret for 2014.

SAK 6/14 Høyring - Forslag om å oppheve bestemmelsen om priskontroll i konsesjonslova.

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for plan og næring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune syner til St. mld. nr. 19 (1999-2000) der spørsmålet om priskontroll vart drøfta. Fylkeskommunen er oppteken av at regelverk vert forenkla og at det vert teke grep som gjer det enklare for folk å ta i bruk landbrukseigedomar til busetjing og næringsverksemd. Ei oppheving av reglane knytt til priskontroll bør utgreiast saman med vurderingar av andre deler av konsesjonslova og må sjåast i samanheng med tilgrensande lover, som til dømes odelslova.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune rår Landbruks- og matdepartementet til ikkje å legge fram forslag om oppheving av prisvurdering i samband med konsesjon av landbrukseigedommar før det er gjort ei grundig vurdering som nemnd ovanfor og før ein ser dette i samanheng med andre moglege lovendringar.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet, Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg:

«Sogn og Fjordane Fylkeskommune støttar regjeringa sitt framlegg om oppheving av §9, første ledd nr. 1 i konsesjonsloven»

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen fekk 6 røyster, Hilmar Høl, Arve Helle, Jorunn Eide Kirketeig, Karen Marie Hjelmeseter, Aleksander Øren Heen og Olav Klungre, og vart vedteke.

Framlegget frå Framstegspartiet, Høgre og Venstre fekk 3 røyster, Britt Dalsbotten, Bjørn Hollevik og Klaus Iversen, og fall.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune syner til St. mld. nr. 19 (1999-2000) der spørsmålet om priskontroll vart drøfta. Fylkeskommunen er oppteken av at regelverk vert forenkla og at det vert teke grep som gjer det enklare for folk å ta i bruk landbrukseigedomar til busetjing og næringsverksemd. Ei oppheving av reglane knytt til priskontroll bør utgreiast saman med vurderingar av andre deler av konsesjonslova og må sjåast i samanheng med tilgrensande lover, som til dømes odelslova.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune rår Landbruks- og matdepartementet til ikkje å legge fram forslag om oppheving av prisvurdering i samband med konsesjon av landbrukseigedommar før det er gjort ei grundig vurdering som nemnd ovanfor og før ein ser dette i samanheng med andre moglege lovendringar.

SAK 7/14 Budsjett 2014 plan og næring - fullmakter

VEDTAK:

Plan og samfunn

- 1 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte 2,000 mill. kr sett av til arbeid med regionale planar.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte overførte midlar frå 2013.

Større einskildtiltak skal hovudutvalet handsame.

- 2 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte 3,000 mill. kr løyvd frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til satsing på Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK). Forvaltninga skal skje i samsvar med søknad og tilsegnsbrev frå KMD.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte overførte midlar frå 2013.

3 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte 0,138 mill. kr til å følge opp arbeidet med GIS, statistikk og analysar.

4 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte 0,200 mill. kr til ungdomstiltak.

5 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte 0,950 mill. kr til arbeidet med analysar og simuleringsverktøyet Panda.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte overførte midlar frå 2013.

6 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte den avsette summen på 0,660 mill. kr til internasjonalt arbeid. Større søknader om prosjektstøtte skal til handsaming i hovudutvalet.

7 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte 2,000 mill. kr til tiltak i tråd med handlingsprogrammet for klima og miljø.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte overførte midlar frå 2013.

8 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte 0,200 mill. kr til vilt- og fiskeforvaltningsområde.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte statlege midlar til friluftsliv i tråd med føremål definerte av MD, i rundskriv for tilskotsordningar. Fordelinga vert lagt fram for hovudutvalet til orientering.

9 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte 0,300 mill. kr til å følgje opp arbeidet med vassressursforvaltning.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte statlege tilskotsmidlar til ordninga.

10 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til forvalte 0,600 mill. kr til å følgje opp arbeidet med regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014–2017.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte statlege midlar til friluftsliv. Fordelinga vert lagt fram for hovudutvalet til orientering.

11 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte 3,250 mill. kr til å følgje opp arbeidet med folkehelse – drift av partnerskapen

12 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte 1,500 mill. kr til å følgje opp arbeidet med helseovervaking, program og satsingar.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte overførte midlar frå 2013.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å forvalte statlege tilskotsmidlar til ordninga. Fordelinga vert lagt fram for hovudutvalet til orientering.

- 13 Fondsmidlar innan programområda 480, 715 og 716 som går til plan og samfunnsutvikling, totalt 2,238 mill. kr, vert fordelt etter vedtak i HPN.

Næring:

- 1 Fylkesdirektøren for næring får fullmakt til å forvalte midlar sett av til programsatsingar innan sjømatnæringane. Fylkesdirektøren får også fullmakt til å følgje opp løyvingar på 0,45 mill. kr. til messa Nor-Fishing i 2014, og 0,05 til miljøseminar.
- 2 Fylkesdirektøren for næring får fullmakt til å disponere avsette midlar til prosjekt kommunal næringsutvikling i 2014.

SAK 8/14 Naturarven som verdiskapar Direktoratet for naturforvaltning

VEDTAK:

1. Fylkeskommunen løyver 975 000 kr til Nærøyfjorden Verdsarvpark
2. Tilskotet skal nyttast til delfinansiering av handlingsplanen for 2014
3. Tilskotet vert dekkja av tidlegare avsette fondsmidlar på tenesteområde 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning

SAK 9/14 Retningslinjer for verkemiddelbruk næringsretta satsingar - revisjon

VEDTAK:

1. Hovudutval for plan og næring vedtek retningslinjer for verkemiddelbruk for næringsretta satsingar i tråd med endringar føreslått i vedlegg 1.
2. Det vert gjort ein større gjennomgang av retningslinjene i 2014, med verknad frå 2015.

SAK 10/14 Omdisponering av breibandmidlar - Jølster kommune

VEDTAK:

Jølster kommune får omdisponere 1,5mill kr til ei utvida fiberutbygging i kommunen. Midlane kjem frå ei løyving på 2 mill kr i september 2012.

SAK 11/14 Reduksjon av budsjett 2014 som følgje av redusert ramme frå Kap. 551, post 60

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:
Hovudutval for plan og næring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Budsjett 2014, vedtatt av fylkestinget i sak 55/13, blir redusert med 5,6 mill. kr (regionale utviklingsmidlar). Reduksjonen vert fordelt slik:

Reduksjon plan og næring	2014
<u>Programområde 700</u>	
Tenesteområde 7002 – bransjeretta satsingar (reiseliv)	- 400 000
Tenesteområde 7005 – nyskaping (kommunale næringsfond)	- 1 000 000
<u>Programområde 715</u>	
Tenesteområde 7152 – lokalt plan og utviklingsarbeid (småkommuneprogrammet)	- 2 400 000

Reduksjon samferdsle	2014
<u>Programområde 722</u>	
Tenesteområde 7222 – fylkesveggar – drift og vedlikehald (netto)	- 1 800 000

2. Vedtaket blir gjort i tråd med kommunelova § 13 og fylkeskommunen sitt delegeringsreglement som opnar for at fylkesutvalet kan ta avgjerd i hastesaker.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3:

Hovudutval for plan og næring nyttar 1million kroner av restmidlar til å dekke inn nedtaket på tenesteområde 7005 – Kommunale Næringsfond.

Framstegspartiet, Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3:

Hovudutval for plan og næring nyttar 2,8 millionar kroner av restmidlar til å dekke inn nedtaket på tenesteområde 7005 – Kommunale Næringsfond og tenesteområde 7222- drift og vedlikehald samferdsle

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen i punkt 1 og 2 vart samsrøystes vedteke.

Framlegget frå Arbeidarpartiet fekk 5 røyster, Hilmar Høl, Arve Helle, Jorunn Eide Kirketeig, Karen Marie Hjelmseter og Aleksander Øren Heen, og vart vedteke..

Framlegget frå Høgre, Framstegspartiet og Venstre fekk 4 røyster, Bjørn Hollevik, Bitt Dalsbotten, Klaus Iversen og Olav Klungre.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutval for plan og næring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Budsjett 2014, vedtatt av fylkestinget i sak 55/13, blir redusert med 5,6 mill. kr (regionale utviklingsmidlar). Reduksjonen vert fordelt slik:

Reduksjon plan og næring	2014
<u>Programområde 700</u>	
Tenesteområde 7002 – bransjeretta satsingar (reiseliv)	- 400 000
Tenesteområde 7005 – nyskaping (kommunale næringsfond)	- 1 000 000
<u>Programområde 715</u>	
Tenesteområde 7152 – lokalt plan og utviklingsarbeid (småkommuneprogrammet)	- 2 400 000

Reduksjon samferdsle	2014
<u>Programområde 722</u>	
Tenesteområde 7222 – fylkesvegar – drift og vedlikehald (netto)	- 1 800 000

2. Hovudutval for plan og næring nyttar 1 million kroner av restmidlar til å dekke inn nedtaket på tenesteområde 7005 – Kommunale Næringsfond.
3. Vedtaket blir gjort i tråd med kommunelova § 13 og fylkeskommunen sitt delegeringsreglement som opnar for at fylkesutvalet kan ta avgjerd i hastesaker.

**SAK 12/14 Tilsegnsbrev og føringar for verkemiddelbruk
Innovasjon Norge Sogn og Fjordane 2014 -
Oppdragsbrev**

VEDTAK:

1. Hovudutval for plan og næring godkjenner tilsegnsbrev og føringar 2014 – oppdragsbrev til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane slik det ligg føre i vedlegg 1
2. Hovudutval for plan og næring har ein intensjon om å løyve 8 mill. kr av midlane frå Statsbudsjettet, kap. 551, post 61, kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift, til bedriftsretta tiltak forvalta av Innovasjon Norge. Desse midlane skal hovudsakleg nyttast innan kommunane Førde, Sogndal og Flora. Løyvinga vert først gjort gjeldande etter at ramma for 2014 er kjend og handsama av hovudutvalet.
3. Hovudutval for plan og næring godkjenner retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker slik dei går fram av vedlegg 2

**SAK 13/14 Revisjon av retningslinjer for kommunale næringsfond
frå 2014**

VEDTAK:

1. Hovudutval for plan og næring vedtek retningslinjer for kommunale næringsfond frå 2014 i tråd med endringar føreslått i vedlegg 1.
2. Det vert gjort ein større gjennomgang av retningslinjene i 2014, med verknad frå 2015.

SAK 14/14 Oppdatert strategi for hurtiglادestasjonar i Sogn og Fjordane

VEDTAK:

1. Fylkeskommunen held fram med å ta ei koordinerande rolle i å få på plass hurtiglادestasjonar i fylket., og bidreg til oppretting av hurtiglادestasjonar ved sentrale knutepunkt eller strekningar.
2. I 2014 vert det sett av 400 000 kr i tilskot for å bidra til utbygging av hurtiglادepunkt. Av desse dette vert det sett av 100 000 kr til hurtiglادestasjon på Jølstraholmen, og 300 000 kr vert lyst ut som tilskot for utbygging av ladestasjonar i Sogndal, Stryn og Lærdal.
3. Fylkeskommunen støttar ombygging av Tesla sin hurtiglادestasjon i Aurland med inntil 50 000 kr.
4. Tilskot løyvd i 2013 på 100 000 kr til Grøn Kontakt for utbygging av hurtiglادestasjon på Skei vert oppretthaldt i 2014. Grøn Kontakt søker Transnova på nytt om støtte til hurtiglادestasjon på Skei i Transnova si utlysing denne våren.
5. Kostnadane, total 450 000 kr vert dekkja av overførte midlar frå 2013 på tenesteområde 7163 Klima og miljø.
6. I budsjettprosessen for 2015 vert vidare finansiering av hurtiglادestasjonar vurdert.

SAK 15/14 Omstillingsstatus og omstillingsløyving 2014

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Askvoll** kommune ei løyving på inntil 2 350 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. 450 000 kr av løyvinga er avhengig av at auken på 150 000 kr i det lokale finansieringsbidraget kjem på plass. Unytta omstillingsmidlar frå 2013- løyvinga vert godkjent overført til bruk i 2014.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad** kommune omstillingsstatus for åra 2014 og 2015.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad** kommune ei løyving på inntil 3 000 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. Unytta omstillingsmidlar frå 2013- løyvinga vert godkjent overført til bruk i 2014.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal** kommune omstillingsstatus for åra 2014 og 2015. Omstillingsarbeidet skjer i eit samarbeid med Årdal kommune.

5. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal** kommune ei løyving på inntil 3 440 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. Unytta omstillingsmidlar frå 2012- og 2013- løyvingane vert godkjent overført til bruk i 2014.
6. Midlane i punkt 1,3 og 5 vert henta frå budsjetterte omstillingsmidlar i 2014 og restmidlar omstilling frå 2013.
7. Søknaden frå Årdal kommune om 1 mill. kr til prosjektet «Framtidige stabile og robuste arbeidsplassar i Årdal» fase 2, vert overført til handsaming i omstillingsstyret i Lærdal innafor ramma ikkje spesifiserte prosjekt Lærdal/Årdal 2014. Fase 1 må vere avslutta før ein tek stilling til deltaking i fase 2.
8. Vilkår for omstillingsløyvinga
 - Det skal leggest vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
 - All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningslinjer om offentleg støtte til næringslivet
 - Øvrige vilkår går fram av tilsegnsbrevet

Endringsframlegg:

Fylkesdirektøren for næring sette fram slikt framlegg til nytt punkt 7:

Søknaden frå Årdal kommune om 1 mill. kr til prosjektet «Framtidige stabile og robuste arbeidsplassar i Årdal» fase 2, vert overført til handsaming i omstillingsstyret i Lærdal innafor ramma ikkje spesifiserte prosjekt Lærdal/Årdal 2014. Fase 1 må vere avslutta før ein tek stilling til deltaking i fase 2. Kr 1 mill av udisponerte midlar til prosjekt i 2014 vert øyremerka prosjekt initiert av Årdal kommune.

Avrøysting:

Fylkesdirektøren sitt framlegg med endring i punkt 7 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Askvoll** kommune ei løyving på inntil 2 350 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. 450 000 kr av løyvinga er avhengig av at auken på 150 000 kr i det lokale finansieringsbidraget kjem på plass. Unytta omstillingsmidlar frå 2013- løyvinga vert godkjent overført til bruk i 2014.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad** kommune omstillingsstatus for åra 2014 og 2015.
- 3 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad** kommune ei løyving på inntil 3 000 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. Unytta omstillingsmidlar frå 2013- løyvinga vert godkjent overført til bruk i 2014.
- 4 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal** kommune omstillingsstatus for åra 2014 og 2015. Omstillingsarbeidet skjer i eit samarbeid med Årdal kommune.
- 5 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal** kommune ei løyving på inntil 3 440 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. Unytta omstillingsmidlar frå 2012- og 2013- løyvingane vert godkjent overført til bruk i 2014.
- 6 Midlane i punkt 1,3 og 5 vert henta frå budsjetterte omstillingsmidlar i 2014 og restmidlar omstilling frå 2013.
- 7 Søknaden frå Årdal kommune om 1 mill. kr til prosjektet «Framtidige stabile og robuste arbeidsplassar i Årdal» fase 2, vert overført til handsaming i omstillingsstyret i Lærdal innafor ramma ikkje spesifiserte prosjekt Lærdal/Årdal 2014. Fase 1 må vere avslutta før ein tek stilling til deltaking i fase 2. Kr 1 mill av udisponerte midlar til prosjekt i 2014 vert øyremerka prosjekt initiert av Årdal kommune.

- 8 Vilkår for omstillingsløyvinga
- Det skal leggest vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
 - All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningsliner om offentlig støtte til næringslivet
 - Øvrige vilkår går fram av tilsegnsbrevet

SAK 16/14 Oppfølging av reiselivsplanen - 2014

VEDTAK:

- 1 Handlingsplanen for 2014 vert godkjent, og lagt til grunn for reiselivssatsinga i 2014.
- 2 Styringsgruppa for reiselivsplanen får ansvar for å koordinere og samordne reiselivssatsinga i fylket i tråd med handlingsplanen.

Styringsgruppa for oppfølging av reiselivsplanen får fullmakt til å disponere reiselivsmidlar sett av til reiseliv gjennom budsjettet, restmidlar av budsjettmidlar frå 2013 og 2012 og midlar gjennom kompensasjonsordninga for høg arbeidsgivaravgift (post 61 eller såkalla INU-midlar). Dette gjeld 9,50 mill kr. frå budsjettet vedtatt av fylkestinget, 2,0 mill kr. av INU-midlar sett av til reiseliv for 2014 (med atterhald om godkjenning av INU-FSF-styret sin handlingsplan for 2014) og restmidlar av INU-midlar på til saman 1,093 mill. og overførte budsjettmidlar frå 2013 og 2012 på høvesvis kr. 1,044 mill kr og 450 000 kr.

Midlar som ikkje er knytt til konkrete tiltak i handlingsplanen slik den føreligg no vert forvalta i tråd med handlingsplanen for 2014.

Styringsgruppa for reiselivsplanen skal følgje same regelverk og rutinar som fylkeskommunen gjer i sitt ordinære arbeid når det forvaltar midlar. Styringsgruppa må unngå at utviklingsprosjekt vert parallellfinansiert med tilskot frå andre fylkeskommunale kjelder.

Styringsgruppa for oppfølging av reiselivsplanen skal levere halvårlege rapportar til hovudutvalet for plan og næring.

Styringsgruppa for oppfølging av reiselivsplanen skal ha ansvar for å rapportere på all reiselivssatsing i regi av reiselivsplanen i fylket under eitt.

- 3 Fylkesdirektøren for næring får på vegne av styringsgruppa fullmakt i samråd med infrastrukturprogrammet til å tildele midlar til infrastrukturprosjekt når desse vert lyste ut. Utlysinga skal bygge på prioriteringar i reiselivsplanen og handlingsplan for 2014.

Fylkesdirektøren for næring får på vegne av styringsgruppa fullmakt til å tildele midlar til mindre reiselivstiltak etter søknad opp til 100 000 kr. Tildelingane skal leggest fram for styringsgruppa til orientering.

- 4 Fylkesdirektøren for næring får på vegne av styringsgruppa fullmakt til å følgje opp desse midlane avsett til reiseliv i budsjettet for 2014:
- Midlar til reiselivstilbod på Sognefjorden i tråd med handlingsplanen.
 - Løyvinga på 3,0 mill kr og tilhøyrande avtaler med destinasjonsselskapa.
 - Løyvinga på kr. 350 000 til Norwegian Center og Expertise (NCE) Tourism Fjord Norway og tilhøyrande avtale.
 - Løyvinga på kr. 800 000 til bulystprosjektet «Møteplass og kunnskapsbase for ekstremспорт».
- 5 Løyvinga til Fjord Norge er på 4,0 mill kr. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp avtalen.
- 6 Fylkesdirektøren for næring får fullmakt til å supplere styringsgruppa for reiselivsplanen med dei medlemmer/organisasjonar som er naudsynte.

SAK 17/14 Regionale utviklingsmidlar 2014 - Fordeling I

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Framtidsfylket AS får kr 75 000 til karrieremesse i Oslo i 2014.
- 2 Kystskogbruket får kr 70 000 til infrastrukturprogrammet.
- 3 Måløy Havfiskefestival får avslag på tilskot om støtte.
- 4 Tilskota vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år.

Endringsframlegg:

Hovudutval for næring sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3:

Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 50 000 kroner til Måløy Havfiskefestival. Løyvinga er ein eingongsstønad, og målsetjinga med løyvinga er å støtte profilering av sjømatnæringane. Løyvinga vert dekkja av tilgjengelege restmidlar. Løyvinga føreset at Vågsøy Kommune løyver same beløp.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesdirektøren med endringsframlegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Framtidsfylket AS får kr 75 000 til karrieremesse i Oslo i 2014.
- 2 Kystskogbruket får kr 70 000 til infrastrukturprogrammet.
- 3 Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 50 000 kroner til Måløy Havfiskefestival. Løyvinga er ein eingongsstønad, og målsetjinga med løyvinga er å støtte profilering av

sjømatnæringane. Løyvinga vert dekkja av tilgjengelege restmidlar. Løyvinga føreset at Vågsøy Kommune løyver same beløp.

4 Tilskota vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år.
